

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Stord 25.01.2022
Dykkar ref.
Vår ref. 150691/1
Arkivnr. 312-001
Saksbehandler Sture A. Karlsen
Sider 1

**Søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for magasin
Opstveitvatn i Kvinnherad kommune (jfr. vrl. § 8)**

Magasinet har same HRV og LRV som ligg på kote 27,5. Vasstanden i magasinet vert halde på dette nivået gjennom automatisk styring av ei segmentluke med b x h = 9,2 x 2,2 m. Betongterskelen under luka ligg på kote 25,5, dvs. at det er mogleg å senke magasinet 2,0 m under LRV.

Ved hovudtilsyn i 2018 vart det konkludert med at segmentluka har trøng for full korrosjonsbehandling. Dette arbeidet ønskjer vi å få utført ila. 2022. For å kunne utføre arbeidet, må luka stå i open stilling. Vasstanden i magasinet vil då gå ned til kote 25,5, dvs. under LRV.

Sunnhordland Kraftlag AS søker med dette om løyve til å senke magasinet inntil 2,0 m under LRV i ein periode på maksimalt 6 veker med start 29. august 2022 og fram til og med 7. oktober 2022. Arbeidet er berekna å ta mellom 3 og 4 veker. Årsaka til at vi søker om senking i ein lengre periode er todelt. For det første ønskjer å ha litt slingringsmonn dersom arbeidet skulle ta noko meir tid enn stipulert. Dessutan treng vi noko tid til å fylle opp att magasinet, spesielt dersom det skulle bli ein lengre periode med tørrvêr når dette skal skje. Vi vil likevel understreke at magasinet ikkje vil vert halde nede lenger enn naudsynt.

Vi håper på ei rask og positiv handsaming.

Med helsing
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS



Sture A. Karlsen
Vassdragsteknisk ansvarleg
ska@skl.as